



Gunnar Kjærland har sans for det vakre

Eigedomen Sjølyst ved munningen av elva har vore lagt ut for sal i tre veker til ein antyda pris på 3,7 millionar kroner. 1000 har vore inne på nettet og sett på kva dei får for summen, men det har så langt ikkje kome bod.

Har Gunnar og Edith Kjærland teke for hardt i med omsyn til pris? Er den for høg her i bygda?

Det synest ikkje Gunnar som trass i sine 88 år har gjort ein stor jobb med å 'strigla' eigedommen og puslar med rosene når uskedalen.no stillar spørsmåla. Agronomen som vart emissær har skapt eit grønt eldorado rundt seg.

No kjem ein annonserunde i avisene og hvis ikkje den gjev reesultat blir det visning ved meklaren - truleg til veka. Folk vil nok gje bod når dei får sjå kor mykje dei får for pengane, trur Gunnar og let oss få sjå at tomta på 4,3 dekar inneheld 2 tomtar.

Tomt nummer 2 som ikkje er bebygd er på 1,7 dekar og har det lovande namn Gennet, som tyder Paradis på Etiopias offisielle språk amarisk! Og ikkje nok med det: Skjøtet for denne tomta er klart og det er også retten til kloakk, veg og vatn.

Eit anna godt kort meiner Gunnar er sjørett med båtplass på ei 13 meter lang strandlinje.

- Men så er det sekundærstasjonen som ligg tett innpå...
- Den har aldri genert oss. Og hvis den som planlagt blir lagt ned, blir ei tomt til frigjort, påpeikar Gunnar, som også har skapt ein unik frukthage.på Sjølyst.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen